

STATUSRAPPORT

Mars 2022



UTVIDAR TIL 10: Praktikantane i kull 18 er spesielle for Nynorsk avissenter. Dei er fem i talet og markerer med det at Nynorsk avissenter i 2022 kjem til å lære opp ti nynorskskrivande journalistar. Frå starten i 2013 var det plass til fire praktikantar i kullet. 2017 var første året med vekselvis fire og fem praktikantar i kvart kull. No har ei ekstraløyving frå Kulturdepartementet opna for ny utviding, denne gongen frå ni til ti plassar i året. Frå v. Tore Andre Kjetland Fjeldsbø, Kjell Ove Nordeide (lærer), Tobias Bratvold Lucey, Eirin Eriksen Horvei, Ingunn Osland (leiar), Elsa Marie Di Valerio og Kenneth Sandvik Sjøvold.

FOTO: BENT ARE IVERSEN

*Ordet fer vidare
enn mannen*

Ivar Aasen

STIFTINGA NYNORSK AVISSENER: Tek inn fem journalistpraktikantar kvart halvår. Dei får fire månader opplæring i Firda Media i Førde og deretter to månader praksis i ein ønskt avisredaksjon. I Førde får dei over 20 førelesingar og kurs, mellom anna i språk, etikk, journalistisk metode, foto og video. 78 praktikantar er lært opp sidan starten i 2013, og fleirtalet har journalistisk arbeid i dag. Stiftinga Nynorsk avissenter skal styrkje rekruttering, nyskaping og utvikling i medium som publiserer på nynorsk. Mediebedriftenes Landsforening (MBL), Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) og Firda Media (Amedia) står bak stiftinga, som samarbeider tett med NRK Nynorsk mediesenter. Opplæringa er finansiert av Kulturdepartementet og Firda Media.



JOURNALISTAR: Både Karoline Nordgulen (kull 13 hausten 2019) og Synne Grimen Hammervoll (kull 12 våren 2019) arbeider i Nordhordland-redaksjonen på Knarvik. I januar og februar fekk dei selskap av Gunnhild Lønning i kull 17 som valde Nordhordland som praksisplass.

FOTO: PRIVAT

Rett frå opplæring til jobb

STATUS: Frå dei siste tre kulla i Nynorsk avissenter har alle praktikantane gått rett frå opplæring til journalistjobb. Dei ni frå kull 15 og 16 gjekk alle rett i jobb. No har også dei fem frå kull 17 fått jobbtilbod frå 1. mars.

Mykje tyder på at behovet for nynorsk-skrivande journalistar er aukande, og at fleire og fleire medium, både aviser, radio og TV, i større grad enn for nokre år sidan ser på nynorsk-kompetanse som viktig.

Over 50 søkjarar

Søknadsbunken til Nynorsk avissenter i 2021 var stabil i høve året før. I 2020 tok vi imot 55 søkjarar til dei to kulla. I 2021 var talet 54. Dei to åra før låg søkjartala mellom 30 og 40.

Vi ser at det er fleire som søker kullet som har oppstart i august, enn det kullet som har oppstart i januar. I 2021 var det heile 34 søkjarar til haustkullet, medan det var 20 søkjarar til kullet som starta i januar 2022.

Ser vi på geografien, er det klart flest søkjarar frå Vestland. Dei siste kulla har

vi hatt fleire søknader frå Hordaland enn frå Sogn og Fjordane. Av dei 78 praktikantane som til no er tatt inn, er 23 frå Sogn og Fjordane og 23 er frå Hordaland. Elles kjem søkjarane frå heile landet, og det har til og med vore søkjarar frå andre land.

78 praktikantar fordelt på fylke:

● Vestland:	46
● Rogaland:	10
● Møre og Romsdal:	8
● Trøndelag:	6
● Viken:	3
● Nordland:	2
● Innlandet:	1
● Agder:	1
● Andre:	1

Dei fleste blir i journalistikken

Ei registrering blant tidlegare praktikantar ved årsskiftet gir rekordhøg prosentdel som jobbar som journalist. Årsaka til dette er først og fremst at alle praktikantane på dei siste tre kulla har fått seg journalistarbeid. I tillegg har minst ein av dei som tidlegare har hatt andre jobbar, gått tilbake til journalistikken.

68 praktikantar var i fjor ferdige med



TIL SVEIO: Gunnhild Lønning takka ja til fast journaliststilling i lokalavisa Vestavind etter avslutta opplæring i Nynorsk avissenter. FOTO: KJELL OVE NORDEIDE

opplæringa i Nynorsk avissenter. Ved siste årsskiftet hadde heile 66,2 prosent av dei journalistisk arbeid. Dette talet ser ut til å vere stigande, då vi kjenner til at også dei som no avsluttar opplæringa 1. mars, har fått seg jobb enten i avisa der dei har hatt praksis, eller i andre aviser.

Slik fordeler dei 68 tidlegare praktikantane seg (prosent til høgre):

● Journalistikk:	45	66,2
● Kommunikasjon:	9	13,2
● Lærer:	5	7,4
● Student:	4	5,9
● Andre:	5	7,4



REDAKTØR: Ved siste årsskiftet gjekk Øystein Silde Frønsdal inn i eit vikariat som frontsjef i Firda. Tre månader seinare er han begynt i stillinga som nyheitsredaktør i avisa.

FOTO: IVAR BRUVIK SÆTRE

Frå praktikant til nyheitsredaktør på eitt år

Øystein takla både jantelova og alderen

FØRDE: Snakk om pangkarriere! I februar 2021 avslutta Øystein Silde Frønsdal (26) løpet til Nynorsk avissenter. Eitt år seinare vart han utnemnd som nyheitsredaktør i Firda.

- Eg søkte fordi eg innsåg at det kanskje berre var jantelova og alderen min som heldt meg igjen frå å vere ein svært god nyheitsredaktør, seier 26-åringen frå Etne.

Han var praktikant hos Nynorsk avissenter hausten 2020. Etterpå har det gått raskt i svingane på karrierevegen til den unge lovande.

Han fekk tilbod om fast jobb i Firda då praktikantløpet var over. Under eitt år seinare fekk han tre inn i eit frontsjefvikariat i avisa. I denne stillinga har han ansvar for å lese over saker, kna gode titlar og fordele dagens saker på riktige tidspunkt.

Men det stoppa ikkje der. Då det vart kjent at nyheitsredaktør Trond Jan Grimeland skulle slutte, var Øystein ein av søkarane til å ta over.

Hadde godkjensla

Under eit allmøte 15. februar i år vart det opplyst at Øystein hadde fått jobben.

- Eg hadde ein liten intuisjon. Godkjensla. Men sjølv sagt blir ein likevel overraska når ein får beskjeden. Eg vart

vanvitig glad. Samtidig er det skummelt. Det er ein stor jobb. Eg har jo mykje å lære!

Det er ingen årelang draum som no går i oppfylgning. Planen hans var eigentleg å bli lærar. Han studerte grunnskulelærer 5. til 10.-klasseutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet i Sogndal.

Men han hadde ein liten fot i medieland. På somrane heime i Etne vikarierte han nemleg i avisa Grannar.

- Første sommaren rådde redaktøren meg til å søke på Nynorsk avissenter. Då tenkte eg at «Jau, då, det var kjekt her i sommar. Men det er no lærar eg skal bli».

La lærarplanane på hylla

Men etter nokre månadar hadde Øystein snudd. Han bestemte seg for å heller søke seg inn på avissenteret etter at utdanninga var ferdig. Hausten 2020 fekk han plass og tok fatt på det komprimerte, seks månader lange opplæringsløpet.

- Det var intenst. Eg lærte veldig mykje på kort tid. Det er mykje å ta inn, men samtidig fekk eg nok tid til å utøve i praksis det eg lærte på kursa. Det er veldig kjekt, først og fremst, seier han.

Dei to siste månadene består av praksis i ei valfri avis. Denne tok Øystein i Sunnmørsposten.

Kullet til Øystein var omtykt av Firda-leiinga, som gav alle praktikantane til-

bod om jobb i avisa. Noko slikt har aldri skjedd før og hadde samanheng med generasjonsskifte i redaksjonen. Fire av dei fem, inkludert Øystein, takka ja.

- Svolt

Øystein skal bli varm i den nye stillinga gjennom gradvis overgang i løpet av nokre månader frå 1. mars.

- Korleis vil lesarar merke at du tar over?

- Det blir ikkje nokon revolusjon, nødvendigvis. Vi er i stadig utvikling, uansett kven som er redaktør. Forhåpentlegvis vil lesarane merke at vi held fram med godt stoff for ulike målgrupper. Eg har mål og ambisjonar om at vi skal kunne levere endå betre djupne i journalistikken vår.

Ansvarleg redaktør i Firda, Kai Aage Pedersen, sparer ikkje på dei positive adjektiva når han skal gjere greie for kvifor Øystein Silde Frønsdal fekk jobben.

- Han er ein god journalist, ein digital skalle. Han er svolt og er veldig tydeleg på at han vil «blø for Firda-drakta», for å bruke eit slikt uttrykk. Det er den stå-på-viljen vi treng. Så er det veldig bra at det unge og dynamiske arbeidsmiljøet i Firda får ein leiar som er i same aldersgruppa som dei han skal leie. Det har sjølv sagt ikkje vore det viktigaste, men det er eit stort pluss.

Av Ivar Bruvik Sætre



NY LEIAR: Ingunn Osland tok over leiaransvaret etter Kjell Ove Nordeide 15. august 2021. **FOTO: IVAR BRUVIK SÆTRE**

Bytte roller i august

I tillegg til dagleg leiar har Stiftinga Nynorsk avissenter sidan januar 2020 disponert to lærarar på deltid. Personane er dei same, men frå 15. august 2021 har det vore eit rollebytte i leiinga.

Kjell Ove Nordeide (65), som har vore dagleg leiar sidan 2018, har trappa ned, teke ut noko pensjon, og gått inn i rolla som faglærer i 40 prosent.

Ingunn Osland (54), som har vore faglærer sidan hausten 2018, har teke over rolla som dagleg leiar.

Ivar Bruvik Sætre (29) held fram som faglærer i 40 prosent stilling.

- Det er ein veldig spennande jobb eg har teke over. At Kjell Ove er med vidare, var heilt avgjerande for at eg tok jobben

og er ei viktig støtte i den daglege drifta, seier Ingunn Osland.

Dei to har jobba saman i avissenteret i tre år, og har tidlegare jobba 10 år saman på desken i Firda.

Nynorsk avissenter er inne i ei god utvikling. Opplæringa av nynorskbrukande journalistar vil framleis vere den viktigaste aktiviteten, men det er eit mål for stiftinga å vidareutvikle tilbodet om språkkurs for avisredaksjonar. Difor vert det også for budsjettåret 2023 søkt Kulturdepartementar om ekstra midlar til tiltak som kan styrkje medium som publiserer på nynorsk.

Nynorsk avissenter er dessutan godt i gang med å utvikle eit eige alumnnettverk for dei rundt 80 praktikantane som har fått opplæringa si hos stiftinga.

Ivar Bruvik Sætre starta sjølv som praktikant

No lærer han opp nye journalistkull

FØRDE: For seks år sidan begynte Ivar Bruvik Sætre (29) som praktikant i Nynorsk avissenter. Fem år seinare vart han sjølv lærar same stad.

- Eg liker meg veldig godt. Det er kjekt å lære vekk triksa sine, seier Sætre.

Ved nyttår 2021 starta han i 40 prosent stilling som lærar i Nynorsk avissenter. Og han angrar ikkje.

- Eg har alltid likt å undervise og bruke det eg kan til å hjelpe andre. Det er ei kjekk rolle og samtidig ei avveksling frå ein hektisk journalistjobb.

Rett i jobb

Ivar Bruvik Sætre gjekk rett frå Nynorsk avissenter til journaliststilling i Firda. Der har han jobba sidan. Det siste året har han i perioden frå midt i august og ut april vore lærar i Nynorsk avissenter annakvar veke.

- Det er bra for både meg og avisa. Eg får nye impulsar frå praktikantane. Og i denne jobben føler eg at eg også får gi noko tilbake. Eg kan lære vekk eigne triks, og hjelpe praktikantane i gang med journalistikk, vinkling og skrivning.

Han trur bakgrunnen som praktikant er nyttig. Han hugsar godt korleis det var å komme til Nynorsk avissenter og bli kasta ut i ting.

- Veldig spennande, men også veldig krevjande. Det trur eg er greitt å ha kjent på kroppen.



GIVANDE: Ivar Bruvik Sætre (t.h.) i samtale med praktikant Tore Andre Kjetland Fjeldsbø. Her er ein god titteldiskusjon på gang. **FOTO: INGUNN OSLAND**

Ivar hadde planar om å bli lærar og studerte lektor med master i engelsk. Men uti utdanninga ombestemte han seg og hoppa av etter at bacheloren var levert. Kort tid etterpå, medan han lurte på kva framtida skulle innehalde, fekk han nyss om Nynorsk avissenter.

Skifta beite

- Eg har alltid likt å skrive, så då eg høyrde om avissenteret, tenkte eg at det var verd eit forsøk. Og det har eg aldri angra

på. Eg elsker å vere journalist. Og å lære det eg kan vidare til andre. Slik er den jobben eg har no, journalist ei veke, og faglærer den neste, ein kombinasjon som passar meg utruleg bra.

Miksen av folk med ulike bakgrunnar er ein unik bukett kvar gong eit nytt kull kjem til Førde.

- Det er givande. Eg føler eg får bruke meg sjølv på ein god måte. Så dette ønsker eg å halde fram med, seier han.

Av Ingunn Osland

- Nynorsk avissenter er eit av dei viktigaste vala eg har gjort i livet

OSLO: Kristiane Nerdrum Bøgwald (35) seier dette heilt utan spor av tvil i stemma. For eitt år sidan starta ho på Nynorsk avissenter. No har ho jobb i NRK Østlandssendinga. Der skriv ho nynorsk.

- Den reisa eg har hatt det siste året, er nesten ufatteleg. Tidlegare jobba eg som skodespelar, var student og flakka eigentleg litt hit og dit. Fram til januar 2021. Då tok eg til på Nynorsk avissenter, eit av dei viktigaste vala eg har gjort, seier Kristiane.

Ho hadde skrive nokre tekstar som frilansar og sende søknad om å bli praktikant i Nynorsk avissenter. Ho fekk jobb. Og rikeleg med utfordringar.

- Eg vart kasta ut i det og fekk eit skikkeleg kompetanseløft. I dag har eg ein jobb der eg får nytta både kompetansen eg hadde med meg frå skodespel, og den eg fekk med meg om journalistikk i Førde. Eg lærte mykje av opplæringa, som ofte var å lære ved å gjere det, og gjennom dei eg var der saman med, seier Kristiane.

Laga film av opphaldet

Samtidig som ho gjekk på Nynorsk avissenter, laga ho film. Det var siste og avgjerande arbeidet for utdanninga i filmkunst, ei dagbok frå tida i Førde. Med praktikant Bjørn Søltnæs frå Sogn er i tillegg til ho sjølv den som har størst plass i filmen. Og han har også gitt filmen namn, då han fortalde om kveldsbøna han hadde med seg frå Sogn: Herre, bring meg ikkje heim via Førde.

Filmen, som fekk beste karakter, vart vist på hovudprogrammet på filmfestivalen Nordic/Docs sist haust.

- Det var på ein måte to fluger i ein smekk. Og det er veldig kjekt at filmen er blitt så godt motteken. Han fortel om litt av livet mitt, og andre sitt, i det halvåret som har betydd meir enn andre halvår, seier Kristiane.

Etter dei fire månadene med opplæring i Førde fekk Kristiane praksisplass i Framtida i Oslo.

- Det var to lærerike månader. Samtidig søkte eg sommarjobbar og fekk jobb i NRK Trøndelag. Det var veldig spennande og gav meg smaken på radio også. Eg søkte ein jobb i NRK Østlandssendinga og fekk den. No har eg jobb ut august i år, i første omgang, seier Kristiane, eitt



INTERVJU: No får Kristiane Nerdrum Bøgwald energi av det som ho opplevde som vanskeleg i starten av journalistopplæringa. **FOTO: PRIVAT**

år etter at ho kom til Førde for å bli journalist.

Frå ubehag til glede

Ei av oppgåvene Kristiane ikkje var så begeistra for då ho starta journalistopplæring, var å gå ut for å intervju folk på gata. Men ting endrar seg.

- Eg kjende det var litt kleint. Visste ikkje heilt kva eg skulle seie, korleis eg skulle få kontakt med folk. Men det har heldigvis endra seg. Tenk at det som då kjendest vanskeleg, er noko av det som no gir meg mest energi. Eg er veldig glad for at eg vart kasta ut i det utan å kunne trekke meg. Det har gitt meg så mykje, seier Kristiane.

Jobben hennar i dag er å ta kontakt med folk på gata i Oslo for å snakke med dei på direkten om aktuelle ting. Og ho nyt det.

I tillegg til at ho snakkar med tilfeldige folk på gata, er ho på direkten med «innbooka» gjester, som til dømes kunstnarar, politikarar, idrettsutøvarar eller andre folk som vil fortelje om eit eller anna.

Og så må ho reise ut viss det skjer noko akutt.

- Frå februar skal eg jobbe to veker som reporter med radio, og ei veke med egne saker som journalist/reporter. Det kan bli nettsaker, eller det kan vere snakk om å lage nokre TV-saker. Eg veit ikkje enno korleis dette vil bli. Men eg er veldig spent, seier Kristiane.

Ho ser fram til å skulle skrive nettsaker også.

- Då kan eg få bruke nynorsk på ein annan måte. For når eg er ute på gata med Oslo-dialekta mi, er det ingen som tenker på at eg er nynorskjournalist. No skal eg få vise det også, seier Kristiane.

Ho blir litt stille. Som Kristiane blir når ho tenker. Så kjem det:

- Eg har jobba med formidling store delar av mitt vaksne liv. Og halvåret på Nynorsk avissenter gjer at eg kan kombinere teatererfaringa med kunnskap om journalistikk. Eg jobbar no med det eg likar aller best. På nynorsk. Det er berre herleg. Tusen takk! seier Kristiane.

Av Ingunn Osland

Marte valde å gå tilbake til fast jobb - så tok journalisten overhand

OSLO: Marte Husabø (30) var praktikant i Nynorsk avissenter våren 2019. Etter ekstern praksis i Firda fekk ho sommarjobb i same avis. Men bustad og fast jobb lokka henne tilbake til Bergen og ut av journalistikken. Ei lita stund i alle fall.

- Det var trygt og godt akkurat då. Og i etterkant ser eg at det fekk meg til å bestemme meg for å gå tilbake til journalistikken. Denne gongen for godt, seier Marte Husabø.

Ho hadde permisjon frå fast jobb som kundekonsulent i TV2 då ho i januar 2019 vart tatt opp i kull 12 i Nynorsk avissenter.

- Eg valde å gå tilbake til jobben i Bergen. Men det gjekk ikkje så mange månader før det vart litt rart. Plutseleg sat eg på heimekontor. Eg valde då å vere mykje heime i Sogn. Då fekk eg tid til å tenke, seier Marte.

Framtida

Heimekontortida frå mars 2020 og utover vart for Marte sin del redda då foreldra fekk seg hund.

- Det var noko å vere oppteken av. Ikkje det, jobben var grei. Men det var noko som mangla. Eg kjende at eg sakna journalistikken, seier Marte.

Ho begynte å sjå seg om etter journalistjobb. Og ho fann ein ho hadde lyst på, og som ho også fekk - i nynorskavisa Framtida Junior i Oslo.

- Eg starta i den jobben i november 2020. Hovudfokuset vårt er nettsida til Framtida Junior, men ein gong i månaden har vi også papiravis der vi går inn på ulike tema. Målgruppa er barn mellom 7 og 14, og målet er å skape engasjement rundt det som skjer i barns liv. Og så å fremje nynorsk, sjølv sagt. Det er ein viktig del av jobben.

Å skrive nynorsk er sjølv sagt for Marte. Ho meiner det er eit mykje meir skildrande språk enn bokmål, og at det dermed når fram til lesarane. Og det kjem frå hjartet.

Blir verande i journalistikken

Marte er ikkje i tvil om at ho kjem til å bli i journalistikken. Og ho er heller ikkje i tvil om at grunnen til det er Nynorsk avissenter.

- Vegen min til journalistikken har vore kronglete. Eg hadde eigentleg lyst



PÅ RETT Plass: Marte Husabø trivst i Framtida Junior. - Tida i Førde var det eg trong for å bli journalist, både fagleg og kjenslemessig, seier ho. **FOTO: PRIVAT**

til å studere journalistikk, men så vart det medievitenskap i staden. Halvåret på Nynorsk avissenter har peika ut vegen for meg, seier ho.

Ho seier opplegget der var hektisk, men givande. Og at ho vart nøydd til å kaste seg ut i det, til å gjere det ho eigentleg hadde lyst til, men likevel reservert seg litt mot. Å komme seg ut og snakke med folk. Bruke nysgjerrigheita si.

- Eg kjenner no at journalistikken passar meg veldig godt. Tida i Førde var det eg trong for å bli journalist, både fagleg og kjenslemessig. At folk der, både i Firda og Nynorsk avissenter, tok så godt imot oss, var avgjerande. Eg er kanskje ikkje den journalisten som har dei spissaste olbogane, men eg føler at eg likevel har mykje å gje, seier Marte.

Sidan Marte tok til i Framtida Junior,

har ho hatt berre tre månadar på kontoret. Resten har vore heimekontor.

Ikkje stoppa av heimekontor

- Det er litt rart å begynne i ein jobb og ikkje møte kollegaene sine. Eg hugsar vi hadde ei samling ute ved ei bålpanne like etter at eg var begynt. Men Oslo er kaldt, og i 15 minus måtte vi drikke fort for at ølen ikkje skulle fryse, seier Marte.

Heimekontor er einsamt og slik sett litt slitsamt. Men ikkje så vanskeleg at ho vil skifte jobb.

- Eg har ein veldig kjekk og givande jobb. Og kjekke kollegaer, som eg fekk jobbe saman med på kontoret i tre månader no tidleg i haust. Etter det er det også lettare å jobbe saman frå heimekontor, seier Marte.

Av Ingunn Osland



SAMLING I BERGEN: Nynorsk avissenter samarbeider tett med NRK Nynorsk mediesenter. Mellom anna står ein felles tur til Bergen Media City på opplæringsplanen. Bildet er frå sist haust då praktikantane fekk med seg innspeling av Eides språksjov i tillegg til besøk hos Bergens Tidende, TV 2, NRK Vestland og Senter for undersøkjande journalistikk. **FOTO: PRIVAT**

Neste år kjem nynorskpraktikantane i Førde endå tettare på kvarandre

FØRDE: Våren 2023 skal Nynorskhuset stå ferdig. Då går avstanden mellom arbeidsplassane til praktikantane i Firda og NRK frå om lag ein kilometer til nokre få meter. - Vil føre til meir samarbeid, seier Ingunn Osland ved Nynorsk avissenter.

Midt i Førde sentrum er betongarbeidet godt i gang, og ei heisekran ruvar i den beskjedne vintersola. Nynorskhuset er under reising. Her skal mellom andre Firda, NRK og Teater Vestland flytte inn i 2023.

Det inneber at også Stiftinga Nynorsk avissenter og NRK Nynorsk mediesenter får nye lokale. Nynorskhuset blir vegg i vegg med kjøpesenteret Alti på vestsida av bygget. På motsatt side ligg verkstaden til transportselskapet Firda Billag. Ein bit av verkstaden deira er rivne for å gje plass til Nynorskhuset.

I praksis vil Nynorskhuset bety at avissenteret og mediesenteret blir nærmaste naboar. I dag er det cirka ein kilometer mellom Firda og NRK sine lokale.



KRANA PÅ Plass: Her blir det nye Nynorskhuset bygd midt i Førde mellom handelshus og rutebilstasjon. **FOTO: IVAR BRUVIK SÆTRE**

I det nye bygget får dei to opplæringsinstitusjonane rom like ved sida av kvarandre i den såkalla mesaninen. Dette er ein mellometasje mellom første og andre etasje.

- I praksis betyr det tettare samarbeid, i og med at vi kjem til å sjå kvarandre

kvar dag. Det blir positivt for både oss som jobbar der, og praktikantane som kan lære meir av kvarandre, seier Ingunn Osland, dagleg leiar ved Nynorsk avissenter.

Av Ivar Bruvik Sætre



HAUSTEN 2021: Etter fem veker ved Nynorsk avissenter stod dei fem praktikantane for heile ni sider i Firda si papiravis laurdag 18. september. Frå venstre: Gunnhild Lønning, Robin Leander Wullum, Jesper Hommefoss Johnsen, Solveig Høgeh-Krohn og Dagny Backer Johnsen (bak). **FOTO: INGUNN OSLAND**

Rekordmange søkjarar

KULL 17: Nynorsk, journalistikk og nyhende er sentralt for dei fem praktikantane i kull 17. 1. mars var dei ferdige med opplæringa og den avsluttande praksisperioden. Alle fem held fram som journalistar.

To trønderar, to bergensarar og ei språk-sikker ung kvinne frå Stord starta i Nynorsk avissenter sitt 17. kull i midten av august 2021. Dei kom til Førde og avissenteret etter å ha konkurrert ut 29 andre søkjarar. Til dette kullet var det heile 34 søkjarar, noko som er rekord. I dette kullet er alle praktikantane i 20-åra.

SOLVEIG HØEGH-KROHN (1993) er frå Bergen. Tidlegare har ho studert retorikk og filmproduksjon, og leverte masteren sin i medievitskap samstundes som ho kom til Førde. Solveig har alltid vore glad i å skrive, men at ho ønskte å bli journalist vart ho eigentleg ikkje klar over før ho tok til å jobbe med masteroppgåva om klimajournalistikk. Ho er opphavleg bokmålsbrukar, men veldig glad i nynorsk, og oppteken av å lære og bruke den i journalistikken. Solveig har engasjert seg i studentpolitikk, miljøpolitikk, både gjennom Instagram, blogg og andre kanalar.

JESPER HOMMEFOSS JOHNSEN (1998) kjem frå Børse i Trøndelag. Han har ein bachelor i statsvitskap ved Philipps-Universität Marburg i Tyskland. Han har også vore praktikant på ambassaden i Berlin. Etter fire år i Tyskland kom han rett til Førde og Nynorsk avissenter. Han er glad i språk, politikk og samfunnsliv, og veldig klar for å lære nynorsk, og for å bli ein god journalist.

ROBIN LEANDER WULLUM (1998) er frå Trondheim. Dei har vore aktiv i politikken sidan 2011, og vore innom mange ulike organisasjonar og saksområde dei siste ti åra. Robin Leander valde sjølv å bli nynorskbrukar for åtte år sidan, og vart i 2021 kåra til «Nynorsk-talent» av Nynorsk kultursentrum og Framtida.no grunna engasjementet for å nytte nynorsk i politisk arbeid. Bak seg har dei også ein bachelorgrad i internasjonale studium med fordjuping i statsvitskap på Universitetet i Oslo.

GUNNHILD LØNNING (1997) voks opp på garden Lønning på Stord. Ho er utdanna lektor, med master i tysk. Tilleggsfaget er nordisk, og interessa for nynorsk, av det tradisjonelle slaget, er sterk. Ho er svært motivert for å kringkaste det nynorske skriftspråket gjennom å lære journalistikk. Slik kan ho nå

ut til mange med to ting ho meiner er viktig: Nynorsk og nyhende.

DAGNY BACKER JOHNSEN (1992) er bergensar, men busett i Oslo. I 2021 fullførte ho bachelor i skodespel ved Westerdals. Ho har lang erfaring som skodespelar, frå ho som barn var med i fleire stykke på Den Nationale Scene i Bergen, til ho dei siste åra har spelt i fleire TV-seriar og filmar. Hausten 2020 debuterte ho på Nationaltheatret i «Fruen fra havet» av Henrik Ibsen. Ho har også jobba bak kamera og liker å skrive. Dei sterke interessene hennar for menneske, språk, litteratur, nyhende og kunst, og dertil eit ønske om å bli journalist, førte henne til Nynorsk avissenter i Førde.

HER VAR DEI I PRAKSIS:

Solveig: VestNytt. Jesper: Dag og Tid. Robin Leander: Nationen. Gunnhild: Avis Nordhordland. Dagny: Framtida.

Alle dei fem har fått seg vidare journalistisk arbeid etter praksisen. Solveig held fram i VestNytt, Jesper har fått vikariat i Dag og Tid ut juli, Robin Leander har fått vikariat i Nationen fram til hausten, Gunnhild har takka ja til fast journalistjobb i Vestavind. Dagny tok ein månads praksis i januar, men har no permisjon for å spele på Nationaltheatret. Deretter skal ho tilbake i Framtida.



VÅREN 2022: For første gong har Nynorsk avissenter tatt opp fem praktikantar i vårsemesteret. Dei fem er frå v. Tore Andre Kjetland Fjeldsbø, Elsa Marie Di Valerio, Kenneth Sandvik Sjøvold, Tobias Bratvold Lucey og Eirin Eriksen Horvei. Dei starta 4. januar og er tilsette fram til 1. juli. **FOTO: BENT ARE IVERSEN**

Første vårkull med fem praktikantar

KULL 18: Dei fem er no begynt i intern praksis i Firda og alle har fått seg praksisplassar som dei reiser vidare til i mai.

Kull 18 er i gang med ein hestekur i journalistikk og nynorsk. Alle har hatt bokmål som hovudmål før dei kom til Førde, men dei er språkinteresserte og glade i nynorsk, og etter to månader er dei godt i gang med å lære seg kunsten.

KENNETH SJØVOLD (1990) kjem frå øya Sotra vest for Bergen. Han har ein bachelor i undervassteknologi frå Høgskulen i Bergen og har i drygt seks år jobba offshore rundt om i verda før han begynte å jobbe som ingeniør på land. No er han klar for heilomvending og ei radikal endring i arbeidskvardagen. Han starta hausten 2021 på Klassekampen-akademiet og skal halde på med det i helgane mens han får opplæring i nynorsk og journalistikk ved Nynorsk avissenter i Førde.

ELSA DI VALERIO (1996) er fødd og oppvaksen i Stavanger. Ho har studert psykologi, men forstod fort at hovudinteressa låg i språk. Dermed stupte ho inn i ein bachelor i arabisk. Ho flytta vidare til London, der ho studerte midt-austenvitskap. Fordjupinga i Israel-Pa-

lestina-konflikten og arabisk vekte interessa hennar både for journalistikk og nynorsk. Ho vart merksam på den norske språkarven, og at det er viktig å ta vare på nynorsken. Etter fullført masteroppgåve kastar ho seg inn i praksis som nynorskskrivande journalist.

TOBIAS BRATVOLD LUCEY (1996) er gjøvikensar, men har farta mykje og budd fleire plassar rundt om i landet. Han har gått linja standup & revy på folkehøgskule og har tatt to bachelorgrader ved Universitetet i Bergen. Ei grad i sosiologi og ei i medievitskap. I Bergen vart han engasjert i student-TV. Han var med i styret og i tillegg aktiv både i underhaldningsredaksjonen og nyheitsredaksjonen. Han landa til slutt på at journalistikk var vegen å gå for han, og politikk og aktuelle saker er det som interesserer han mest. Han er no tilsett som journalist i nettavisa Porten, som er redigert på nynorsk. Dermed er han godt i gang, og han har eit klart mål: Å bli den austlendingen folk kan gå til for å få nynorsk-tips.

EIRIN ERIKSEN HORVEI (1993) kjem frå bydelen Arna i Bergen. I denne bydelen hadde ho nynorsk som hovudmål i heile grunnskulen. Sjølv om ho bytte til bokmål då ho starta på vidaregåande, har nynorsk vore ein viktig del av livet hennar. I tillegg til arbeidserfaring har Eirin ein bachelor i religionsvitskap, og eit halvår med medievitskap frå universitetet i England. Der vakna interessa for journalistikk for alvor. Ho har søkt journalistutdanning utan å komme inn og tenker no at det kanskje er ei meining i alt når sjansen dukka opp til å bli nynorskjournalist i ekspressfart gjennom Nynorsk avissenter

TORE KJETLAND FJELDSBØ (1989) starta livet sitt i Masfjorden og flytta til Bergen i tiårsalderen. Han har ei mastergrad i statsvitskap, samla frå universitetet i Norge, Danmark og Tyskland. Etter det har han mellom anna jobba med nordisk samarbeid ved ambassaden i København, og med kommunikasjonsarbeid i Nordisk Atlanterhavssamarbeid, og litt for The Arctic Journal. Dei siste åra har han jobba med personvern i forskning ved Norsk Senter for forskingsdata i Bergen. Trongen for skriving og historieforteljing fekk han til å søke Nynorsk avissenter.

HER SKAL DEI I PRAKSIS: Frå 1. mai skal Kenneth til Klassekampen i Oslo, Elsa til Stavanger Aftenblad, Tobias til Porten i Årdal, Eirin til TV2 i Bergen og Tore til Bergens Tidende.

Tre søstertiltak

● **NRK Nynorsk mediesenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Ti praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Vestland i Førde. Senteret er modell for NRK FleRE og Nynorsk avissenter. Leiar: Rune Fossum Lillesvangstu.

● **NRK FleRE** – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Oslo og Viken i Oslo. Leiar: Iram Ansari.

● **Stiftinga Nynorsk avissenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Samlokalisert med avisa Firda i Førde. Leiar: Ingunn Osland.

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter samarbeider om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Søkjarar som søker begge opplæringane, vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge, må dei sjølve velje kvar dei vil gå. Sams søknadsfristar 15. april og 15. oktober.

Førde, 1. mars 2022

Ingunn Osland, dagleg leiar

Kai Aage Pedersen, styreleiar

Stiftinga Nynorsk avissenter

Post- og fakturaadresse:
Firdavegen 12, 6800 Førde.
Telefon: 911 49 821 (dagleg leiar)
Org. nr.: 914961181



Følg oss på www.nynorskavissenter.no og på sida vår på Facebook og Instagram